



Dei to lovande skyttarane Håvard S. Eik (t.v.) og Paul Are Ljosnes deltek på Landsskyttarstemnet. På plass i Uskedal/Omvikedsleiren er også Eva R. Ljosnes (t.h.) Biletet er tatt på Hordastemnet. (Foto: Erlend Moen)

**Fredag kveld vart Landsskyttarstemnet i Steinkjer offisielt opna. Det er det 109. landskyttarstemnet i rekkja, og det vert meldt om heile 5671 deltakarar. To unge og lovande uskedelinger deltar på stemnet.**

Det er Paul Are Ljosnes og Håvard S. Eik, som trass sin unge alder begge har vore på Landskyttarstemnet tidlegare. Begge skyt for Omvikdalen skyttarlag.

I tillegg til å vera ein stor konkurranse der skytinga føregår frå tidleg om morgonen til kl.20.30 om kvelden, er stemnet og ei storsamling sosialt sett. Dei som har vore på landsskyttarstemnet ein gang, kosar seg storleg i miljøet og kjem ofte tilbake.

Begge dei to unge skyttarane har såleis med seg familien. Dei har leigt seg hus i stemnebyen der dei er innlosjert saman med nokre fleire frå Omvikdalen. Der får dei seg ei skikkeleg god ferieveke fram til stemnet vert avslutta med kongeskyting laurdag.

Vi kjem til å følgja spent med dei unge skyttarane, ønskjer dei lukke til og kjem tilbake med reportasje seinare.

Av Thor Inge Døssland